

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt		18/137

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/2018	Arbeidsmiljøutval	PS	29.05.2018

## Orienteringssaker

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

## Arbeidsmiljøutval - 006/2018

### AMU - behandling:

- Ove Sæbø orienterte om sjukefråver 2017, samt første kvartal 2018. Sjukefråversprosenten i 2017 enda på 10,8%, men var synkende mot slutten av året. Første kvartal 2018 var sjukefråveret 8,3%. Målet for kommunen, sett av kommunestyret, er å få sjukefråveret ned under 6,5%.
- Ove Sæbø orienterte om prosess for å søke om å prøve ut medleverturnus på Modalstunet. Forskriften opnar eigentleg ikkje opp for slik arbeidstidsordning på denne typen institusjon, men vi ynskjer å søke om dispensasjon for å prøve ut denne turnusordninga.
- Status framdrift handlingsplan bedriftshelsetenesta(BHT) 2018:
  - Modalstunet har gjennomført arbeidsmiljøundersøking i samarbeid med BHT. Resultat vert drøfta med tilsette og plan for vidare arbeid vert laga.
  - Kundetorget/administrasjonen/Bryggjeslottet har gjennomført kurs med BHT i psykososialt arbeidsmiljø på arbeidsplassen, med fokus på kva som kjenneteikner ein god arbeidsplass.
  - Lovpålagt opplæring for verneombud pågår
  - Leiargruppa har jobba med omdømmebygging og sjukefråversoppfølging i samarbeid med BHT. Fokus på auge bruk av eigenmelding framfor sjukemelding, fokus på bruk av IA avtalen.
  - Helseundersøking for tre nattevaktar er gjennomført i tråd med innmeldt behov
- Ove Sæbø orienterte om ny varslingsinstruks for Modalen kommune. Er drøfta med tillitsvalde og leiarar, som har kome med innspel. Varslingsinstruksen ligg tilgjengeleg for alle tilsette på kommunen sitt intranett.

5. Plan for vernearbeid: setje opp plan frå hausten av slik at dette fell inn under arbeidet som vert gjort med KF Kvalitet / årshjul m.m.

- Ikkje alle einingar har gjennomført vernerundar i høve oppsett plan. Dette vert følgt opp slik at det kjem på plass.
- KF kvalitet er under oppbygging. Drøfte status på møte med verneomboda/HVO i juni.
- Sikre at AMU får kartlagt og vurdert behov for verne-/miljøtiltak.
- AMU ser positivt på arbeidet med å etablere KF Kvalitet (styringsverktøy) i samband med interkontroll, avvik, prosedyrar, rutiner o.l.

6. Drøfte behov for arbeidsinstruks for tilsette i Modalen kommune. Ove Sæbø orienterte om bakgrunnen for å drøfte om dette er ynskjeleg å få på plass.

- AMU ser det som positivt å få på plass instruksar for tilsette, også i forhold til forventningsavklaringar mellom leiar og tilsett. Ein instruks eller stillingsbeskrivelse kan aldri vere heilt uttømmande, og leiar vil ha styringsrett til å overstyre i forhold til oppgåver som må løysast til brukarane sitt beste.

7. Evt

- Ynskje om at AMU møta vert lagt til måndagar, då dette passar best representantane for dei tilsette.

#### **AMU - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering